



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjebø sokneråd

Kyrkjebø, 25.02.24

### Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd.

Møtedato: 15.02.24

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

#### Til stades:

Sturla Bell Fossen, Andreas Ester, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygard, Ole Ivar Luggenes, Jofrid Nordstrand Forthun, Arvid Solås.

Kyrkjelydsarbeidar Heike Müller var òg tilstades ei stund, for å informere om årshjul for trusopplæring.

#### Kopi av protokollen går til:

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ali Kharrat, Heike Muller, Stig Jonny Fitje, postmottak Høyanger kommune.

#### Sakliste:

##### Godkjenning av innkalling og sakliste.

Ingen merknadar til innkallinga.

##### Godkjenning av referat frå møte 18.01.24

Skrivefeil i namnet til Oddny Miljeteig.

##### Sidan sist.

Det har vore arrangert felles tårnagentsamling i Kyrkjebø kyrkje og i Høyanger kyrkje. Kari Henny, Irene og Sturla har vore medhjelparar.

Dårleg vær, førte til utfordringar vedrørende oppmøte.

04.02: tårnagentgudsteneste i Kyrkjebø Kyrkje. Ole Ivar var kyrkjevert.

27.01: konfirmasjonshelg på Alværa. 40 konfirmantar var påmelde og 35 konfirmantar møtte.

11.02: Kaffigudsteneste i Vadheim bedehus. Kari Henny var vert.

Andreas og Irene har vore på stiftsdagane i Bergen.

##### Post.

Ingen post innkome.

##### Soknepresten har ordet.

Soknepresten snakka om askeonsdag og kvifor vi har den.

Han snakka vidare om fastetid og kva den har å seie vedrørende førebuing til påske.

### **Meldingssaker:**

#### **240006: Trusopplæring i soknet.**

Soknerådet er pliktig til å ha ei plan for dette arbeidet.

Kyrkjelydsarbeidar Heike Müller delte ut årshjul for trusopplæring og informerte medlemene i rådet om innhald, gjennomføring og erfaring omkring arbeidet. Årshjulet inneheld m.a regelmessige datoar for babysang, tårnagentsamlingar, tårnagentgudstenester, konfirmanthelgar, minikonfirmantsamlingar, minikonfirmanthelg, utdeling av "mi kyrkjebok" og konfirmasjonar.

Andreas informerte vidare om gudstenester den 25.02 og 03.03 der konfirmantane kan delta. Andreas vil ha ei plan for dette.

#### **240007: Årshjulet for 2024.**

Idear og innspel til aktuelle tiltak kan løftast fram her.

Folkemusikkgudstenesta må utsettast til hausten, truleg til september slutt.

Andreas løfta fram ein ide om å arrangere ein verdisamtale. Dette i samband med at det er 1000 år sidan Olav den Heilage innførte Kristi lov på Moster, som vart rettsgrunnlag for det norske samfunn. Ein diskuterte ulike måtar for korleis eit slikt arrangement kan la seg gjere å gjennomføre.

Soknerådet stilte seg positivt til eit slikt arrangement og ein ynskjer å arbeide vidare med saka.

Dato for vårdugnad på kyrkjegarden blir avgjort på neste soknerådsmøte.

Innleigd arbeid til beskjæring av lauvtre på kyrkjegarden, går etter plan.

#### **240008: Personalsituasjonen.**

Kantor Gerda Otterstein har sagt opp stillinga si f.o.m. 15.03. (siste permisjonsdag). Soknet manglar såleis kyrkjemusikar.

Kyrkjevjerja og fellestrådet arbeider med plan for vikarar og ny utlysing.

Sokneråd/fellesråd må vidare drøfte dette i møte. Medlemene vert oppfordra til å komme med sine tankar omkring dette.

### **Vedtaksaker:**

#### **Sak 0005/24: Årsmøtet, tidlegare fastsett til 03.03.24**

##### **a) Årsmelding:**

Medlemene fekk før møtet utlevert utarbeidd årsmelding for gjennomlesing.

Det vart referert frå årsmeldinga.

Medlemene vart oppfordra til å lese igjennom meldinga og ev. komme med tilbakemeldingar.

**b) Årsrekneskap:** Årsrekneskapen vart tilsendt medlemene før møtet og leiar gjekk igjennom denne på møtet.

##### **c) Årshjul og budsjett for 2024:**

Budsjettutkast vart tilsendt medlemene før møtet og dette vart gjennomgått på møtet.

Soknerådet legg fram for soknet årshjulet og budsjett slik det er justert før årsmøtet.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtesakene vert justert i tråd med med drøftingane i møtet og slik lagde

fram på årsmøtet den 03.03.24.

**Vedtak:**

Samrøystes.

**Sak 0006/24: Fasteaksjonen 17.-19.mars.**

Soknerådet må fastsetje aksjonsform og fordele aktuelle ansvars og arbeidsoppgåver.

Soknepresten informerte medlemmane på møtet om antal konfirmantar i Vadheim og Kyrkjebø.

Foreldre må truleg hjelpe til med å køyre.

"Folkerike" område bør kanskje prioriterast grunna fåe konfirmantar.

**Vedtak:**

Andreas informerer og motiverer konfirmantar.

Irene lagar høvelege roder for kvar konfirmant.

Irene deler ut bøsser ei veke på førehand.

Irene samlar inn bøssene samme kveld.

Innsamlinga går til Kirkens Nødhjelp.

**Sak Ymse: 17.mai, -tidsmessig synkronisering.**

Det er viktig at 17.mai-tog og gudstenesta vert synkroniserte i høve til klokkeslett, slik at alle som ynskjer det kan delta på begge deler.

**Vedtak:**

Soknepresten tek kontakt med leiar i 17.mai-kommiteen og informerer om når tid det blir halde gudsteneste i Kyrkjebø Kyrkje den 17.mai. Dette i von om at desse arrangementa kan koordinerast til felles beste.

Referent

Jens Ole Årdal.

Soknerådsmedlem.